



Beate Rørdal

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/2965 - 16/4823

Saksbehandlar:

Anne Wergeland

Anne.Wergeland@lindas.kommune.no

Dato:

22.02.2016

Referat frå møte i SU / SKMU 15.februar 2016

Stad: Seim skule, møterom 1.etg

Tid: 10.15 – 11.45

Til stades:

Benedicte Rikstad (FAU og leiar av SU/SKMU), Gunnveig Spurkeland (FAU), Ingeborg Myksvold (kommunerep.), Beate Rørdal (lærarrep.), Olaug R Hopland (lærarrep.), Gerd Karin Isaksen (andre tilsette), Vegard L Husebø (7.kl), Thea Marie Frotjold (6.kl), Elise S Bergås (5.kl) og Anne Wergeland (rektor).

Del 1 Samarbeidsutvalet (SU)

Sak 1/16 Godkjenning av referat frå møte 07 12 15

Godkjend

Sak 2/16 Godkjenning av sakliste

Godkjend

Sak 3/16 Tilbakemelding frå FAU om aktuelle saker

- Trafikksikkerheit : Innspel til høyring i kommunen er sendt; fortau frå hovudvegen og til Strilatun, tiltak llangs Kopperdalsvegen og Kleivane. Gjerde langs vegen ned frå kyrkja. Rektor ber om at skulen får kopi av det som er sendt inn frå FAU.
- Temakveld med Barnevakten – FAU dekker kostnaden på 4.500kr
- SFO og aktivitetar
- Utlån av lokaler på skulen (Strilatun har redusert lokalleige til 500kr)

Sak 4/16 Tilbakemelding frå elevrådet om aktuelle saker

- Elevtoalettene til 4. og 5.klasse. Det eine toalettet vert jentetoalett og det andre guttetoalett i tråd med elevrådet sitt framlegg.

Post

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



- «Kom og leik» vert starta opp igjen i april. Det er viktig at leikleiarane tek oppgåva på alvor så «Kom og leik» vert vellukka. Leikleiarane kan få innspel til gøye leikar. Kankje eit kurs i leikar frå «gamle dagar» kunne vore ein idé!
- Uteskuret: Det er trong for ny gjennomgang av reglar og rutinar i samband med opning av skuret, utlevering/innlevering av leikar og låsing av skuret. Liste over utstyr må oppdaterast og hengast opp i skuret.

Sak 5/16 Tilbakemelding frå skulen om aktuelle saker

- Vi får 28-30 nye 1.klassingar til hausten og det er trong for gjennomgang av rombruk, fordeling av klasser og SFO neste år. I denne samanheng har det vore befaring på skulen med oppvekstsjef, ein repr. Frå Eigedomsavdleinga, ein arkitekt og representantar frå skulen (verneombod og rektor). Ulike løysingar vart drøfta og arkitekten vil sende utkast til skulen for uttale.
- Utviklingsarbeid: Skulen satsar på arbeid med utvikling av elevane sine leseferdigheiter og nyttar verktøyet «LeseLos». Arbeidet vert evaluert til våren.
- Kvalitetsutvikling på Seim skule – møte med skuleadministrasjonen er sett til 19.mai. Representantar frå FAU og elevråd vert også inviterte.
- Rekneskap for 2015v og budsjett for 2015 er eit pågåande arbeid
- Temakveld med Barnevakten om «Nettvett» torsdag 25.februar vert kombinert med klasseforeldremøte, 1. – 4.klasse før temamøtet og 5. – 7.klasse etter.
- Trygg skuleskyss: Skulen er i gang med eit arbeid kring trygg skuleskyss. Vi har hatt to samlingar for elevar med lensgt bussreise. Nobina var med på siste møte og elevane seier at det har hjelpe med desse samlingane. Skulen vil følgje opp arbeidet. Det kom framlegg om «elevvakter» på bussen. Framlegget vil bli drøfta og vurdert av skulen.

Del 2 Skulemiljøutvalet (SKMU)

Sak 1/16 Elevundersøkelsen haust 2016

- Framlegging og drøfting av resultat (styrke og utfordringar)
Det vart berre tid til ei rask gjennomgang av resultatata. Saka vil deror bli sett opp på nytt til neste møte
- Prosess for vidare arbeid på skulen
Kvar klasse skal ha ein gjennomgang av resultat frå sin klasse – sjå på kva som fungerer godt, om der er utfordringar og kva tiltak ein vil sette i gang i høve utfordringar. Elevrådet og rektor får eit notat frå kvar klasse som så vil bli drøfta vidare.

Med helsing

Anne Wergeland
rektor

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Susanne Håland

Mottakarar:

Beate Rørdal
Benedicte Rikstad
Elise S Bergås
Gerd Karin Isaksen
Gunnveig Spurkeland
Ingeborg Myksvold
Olaug R Hopland
Thea Marie Frotjold
Vegard L Husebø

Titlandsvegen 17 5912

SEIM